

Årsplan 2025-2026

Huldal Barnehage



«Det skal vere stort å vere liten i
Huldal barnehage» 💙

LØVELOVA

Kan du løvelova?

Eg skal vere meg, men gi plass til andre,
slik at dei vert seg,
Bry meg om dei andre, hjelpe når eg kan.
Slik vert livet betre for barn i alle land!



Ser du ein som plagast? Det er ikkje bra!
Alle må stå saman om å sei ifrå!
Alle barn på jorda har den same rett,
til å vere trygge og til å vere sett.



INNHALDSLISTE

Side-tal:	Innhaldsliste
1	Framside
2	Løvelova
3	Innhaldsliste
4	Styrande organ 2025-2026
5	Kjære foreldre og tilsette i Huldal barnehage
6	Personalet i Huldal barnehage
7-8	Satsingsområde lokal rammeplan
9	«Banking time» - Kvalitetstid for trygghet og relasjon
10	Språkutvikling i barnehagen – Slik arbeidar vi med språk i Huldal Barnehage:
11-13	Slik vil vi sørge for eit trygt og godt barnehagemiljø
14-15	Rammeplanen og barnehagelova: Mobbing og utestenging
16	«Livet&Sånn» i barnehagen vår
17	Korleis være ein god vaksen for barn?
18	Årshjul
19-21	Rammeplan og fagområda på begge avdelingar
22-24	Vi på Armkroken
25-27	Vi på Hjerteromet
28-29	Russeklubb
30	Bakside

Styrande organ 2024-2025

Kontaktinformasjon:

Styrar/Dagleg leiar : Renate Sævik Paulsen

Telefon Huldal barnehage: : 700 89609

E-post: post@huldal-barnehage.no

Dagleg leiar: 464 23 628

Armkroken: 955 57 418

Hjerteromet: 955 57 419

Eigarstyret

Ludvig Sandstrøm – Styreleiar

Lasse Aurvågslid Kvalsund – Styremedlem

Karina Helde Kvalsund – Styremedlem

Jonas Frantzen Aklestad – Vara

Eigarstyret har personal- og arbeidsgivaransvar, utarbeiding og godkjenning av budsjett, innstille til opptak av barn og å sjå til at barnehagen vert driven i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtekter.

Dugnadsstyret

Sverre Ytrebø

Dagfinn Kvalsund

Dugnadsstyret skal vere rådgjevande og støttande i arbeidet med å førebu og gjennomføre dugnadsarbeidet i barnehagen.

Samarbeidsutvalet

Eigar: styreleiar

Personal: Renate S. Paulsen og Mia Vike

Foreldra: Aage Espeseth og Oda Katrin Øksnøy Grønnevik

Vara: Jim Kjellstadli

S.U skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordna organ. Her sit representantar frå eigar, personal og foreldra. S.U har rett til å uttale seg i saker som er viktige for barnehagen sitt innhald, verksemda og forholdet til brukarane (barn og foreldre).

Kjære foreldre og tilsette i Huldal barnehage

Når barn kjenner seg trygge, blir det mykje lettare å vere seg sjølv. Då tør dei å ta initiativ, prøve nye ting, knyte band med andre og lære av det dei opplever. Difor er det så viktig at barnehagen er ein stad der barna blir møtt med varme, tydelege vaksne som ser dei – og som bryr seg ♥

I år har vi, i Huldal barnehage valt å ha spesielt fokus på **livsmeistring, og å skape eit trygt og godt i barnehagemiljø**. Livsmeistring høyrer kanskje stort ut, men det handlar i grunn mykje om kvardagsmeistring: å takle små og store kjensler, finne seg til rette saman med andre, og å bli trygg på seg sjølv. Slike ting lærer ein i det daglege, i dei små situasjonane, i leiken, i praten, og når noko går i lås og vi finn løysingar saman.

For at barn skal lære å mestre livet, må dei fyrst kjenne at dei har ein trygg plass i fellesskapet. Det er vårt ansvar, som vaksne i barnehagen, å sørge for at alle får vere med. Vi må fange opp når nokon fell utanfor.

Vi jobbar systematisk med å førebygge mobbing og krenking i barnehagen. Personalet kjenner til aktivitetsplikta og veit kva dei skal gjere viss eit barn ikkje har det trygt og godt hos oss.

Samarbeidet med dykk foreldre betyr mykje. Vi set stor pris på at de tek kontakt viss det er noko, om de kjenner uro for noko så er det mykje betre å ta ein prat for mykje, enn ein for lite.

Eg gledar meg til endå eitt nytt barnehageår, sjølv etter 33 år i barnehagen – Med dagar fylt av leik, læring, vennskap og nye opplevingar. Vårt mål er at alle barn skal kjenne seg trygge, viktige og verdifulle i **Huldal barnehage**.

Klem Renate ♥



Personalet i Huldal barnehage

ARMKROKEN 0- 3 år	HJERTEROMET 3- 6 år
Helene A. Nerland – Pedagogisk leiar	Camilla Ingebrigtsen Leine – Pedagogisk Leiar
Kristina Muren – Pedagogisk leiar	Ina Kristin Seljeset - Pedagog
Jannike Kopperstad – Fagarbeidar	Ingelin Indreeide Kvalsvik – Pedagog
Tove Ingebrigtsen – Fagarbeidar	Ruth Mari Goksøyr - Fagarbeidar
Kajsa Beitveit – Fagarbeidar	Mia Christine Vike – Fagarbeidar
Kristine Helde – Fagarbeidar	Gintare Kulbyte – Fagarbeidar
	Malin Moltu Leine – Assistent
Emma Helen Larsen – Vikar på begge avdelingane	
Kristiane Moldskred Veiseth – Vikar på begge avdelingane	
Renate Sævik Paulsen - Styrar	
Styrar, Pedagogisk leiar og Pedagog = utdanna Barnehagelærar (Minimum bachelorgrad)	
Fagarbeidar = utdanna barne- og ungdomsarbeidar (Fagbrev)	

Satsingsområda i den kommunale rammeplanen for Herøy i 2025-2026

Vi skal fylgje den nasjonale rammeplanen for barnehagen. I tillegg skal vi følgje den lokale rammeplanen for barnehagane i Herøy kommune. Den er eit støttereiskap for oss, i utarbeiding av planar som vil sikre variasjon og progresjon i innhaldet i barnehagen. Alle barnehagane i Herøy arbeidar med same fokus over ei periode.

Den lokale rammeplan for Barnehage (2025-2029) har hovudfokus på «Livsmeistring», som er eit svært viktige tema. I rammeplanen står det: **«God barnehagekvalitet for små barn er gode relasjonar mellom barnet og de ansatte. Ikke noe er viktigere for at barna skal ha det bra i barnehagen. Det er her livsmestringen bygges»** (Drugli og Lekhal).

For å styrke arbeidet med livsmeistring og helse, vil vi i Huldal barnehage ha særleg fokus på å skape eit trygt og godt barnehagemiljø. Vi ynskjer at alle barn skal oppleve meistring, fellesskap og tryggleik i kvardagen, og at dei får støtte i å utvikle evna til å forstå seg sjølv og andre. Gjennom ein planleggingsdag med temaet *"tryggleik og trivsel"*, vil vi styrke kompetansen til alle tilsette. Dette gir oss eit felles fagleg grunnlag og eit medvitent forhold til korleis vi byggjer eit miljø prega av respekt, inkludering og omsorg. Vi vil støtte barna i utviklinga av sjølvregulering, hjelpe dei til å ta gode val, og leggje til rette for at dei kan utvikle kritisk tenking på sitt eige nivå. Vi bruker verktøyet «Livet og sånn», som fremjar fellesskap, gir språk til kjensler og bidreg til å normalisere ulike følelsar. På avdelingane arbeider vi aktivt med kjenslearbeid og samtalar, slik at barna får innsikt i både egne og andre sine følelsar. Dette styrkjer empati og sosial forståing.

LØVELOVA er ein naturleg del av kvardagen i barnehagen, og hjelper barna med å forstå viktige verdiar som tryggleik, respekt og medansvar. Den minner oss på at det er plass til alle – Vi må gi rom for kvarandre for å kunne vere oss sjølv. I møte med barna legg vi vekt på å vere autoritative vaksne – vi er varme, trygge og samtidig tydelege. Vi stiller krav, men gjer det med omsorg og forståing (Autorativ). Forsking viser at denne vaksenstilen gir barn best mogleg grunnlag for utvikling og livsmeistring. Når barna kjenner at vi vaksne har kontroll, set rammer og samtidig møter dei med respekt og anerkjenning, byggjer det ein trygg og støttande relasjon som gjer at barna kan bruke energien sin på lek, læring og gode opplevingar.

Satsingsområde: Livsmeistring

«Følelsar tek ofte stor plass i ein travel familiekvardag og kan kjennast frustrerende å måtte forhalde seg til. Barna våre sine følelsar påverkar våre følelsar, og våre følelsar påverkar barna sine. Derfor er det så viktig at vi forstår kva som skjer, og øver på å møte både egne og andre sine følelsar på ein nyttig måte»

Vi vil omfamne «Livsmeistringsomgrepet» gjennom «Livet og sann» ved å:

- ▶ Skape eit trygt og inkluderande miljø, der borna kjennar seg verdifulle og sett.
- ▶ Hjelpe borna med å sette ord på egne kjensler og forstå andre sine følelsar.
- ▶ Støtte barna i å løyse konflikhtar og utvikle gode relasjonar.
- ▶ Legge til rette for undring og samtalar om liv, død, vennskap, kropp, glede, sorg og anna som opptek borna våre.
- ▶ Gi borna høve til å meistre kvardagslege situasjonar, som påkledning, måltid og samarbeid i leik.
- ▶ Styrke barna si psykiske robustheit, og evne til å stå utfordringar og vonde kjensler på ein god måte
- ▶ Møte kvart enkelt barn, som ein anerkjennande og støttande vaksen som ser, lyttar og tek barna på alvor.

I tillegg vil vi arbeide aktivt med vaksenrolla i høve «**Være saman**»-tematikken og friske opp kunnskapen vår om dei fire vaksenstilane med hovudfokus på den Autoritative vaksenstilen. Arbeide aktivt med relasjonskompetanse og «Banking time».

«Banking time» - Kvalitetstid for trygghet og relasjon

I løpet av barnehageåret vil vi jobbe aktivt med det, som kallast «banking time». Dette handlar om å gi barn trygg og positiv kvalitetstid med ein vaksen. Det kan være i ei lita gruppe, og aleine. Dette er eit verktøy for å bygge sterke relasjonar, styrke barna si kjenslemessige trygghet og møte utfordrande åtferd på ein varm og førebyggjande måte.

Korleis arbeidar vi i personalet med dette:

- Skape små augeblikk gjennom heile dagen, der vi gir barna ekstra varme, nærheit og interesse.
- Brukar kvardagssituasjonar som påkledning, måltid, bleieskift eller lesestunder som verdifulle banking time-augeblikk.
- Vere bevisst på å ta barnet sitt perspektiv, vise interesse og støtte uttrykk og initiativ, som barnet kjem med utan å vurdere eller korrigere.

I barnehagen kan banking time vere, for eksempel:

- Når vi les bok saman med eit eller fleire barn i ro og fred
- Når vi inviterar til ein aktivitet, som vi veit barnet/barna likar og gir ekstra støtte og oppmuntring
- Når vi ser moglegheiter i det som skjer her og no, som å legge ekstra varme i eit blikk, eit smil, ein kommentar eller ein felles oppleving.



Kvifor gjer vi dette?

Målet er å styrke barnas trygghet og trivsel, førebyggje og forstå utfordrande åtferd. I tillegg til å bygge eit miljø, der alle barn opplev å bli sett og anerkjent.

Språkutvikling i barnehagen

Slik arbeidar vi med språk i Huldal barnehage:

- ▶ Skape felles opplevingar gjennom t.d.: Samlingsstund, lese bøker, rolleleik/dramaleik, synge og høyre på musikk, leike med ord/vitsar/gåter, samtale med barna gjennom dagen.
- ▶ Bruke pedagogiske verktøy og språkverktøy vi har i barnehagen.
- ▶ Nytte ASK symbolstøtte gjennom dagtavler og tematavler.
- ▶ Setje ord på alt vi gjer, og undre oss over opplevingar vi har ilag.
- ▶ Gi barna nok tid, lytte og gi respons.
- ▶ Støtte at fleirspråklege barn bruker morsmålet sitt, samtidig som dei lærer norsk.
- ▶ Være bevisst på at morsmål er svært viktig for oppleving av eigen identitet og eit godt utvikla andrespråk.
- ▶ Bevisstgjerjing på korleis vi gir respons, nyttar kroppsspråk, talespråk og tekst/symbol.
- ▶ Legge til rette for leik/fellesskap ut i frå barna sine interesser.
- ▶ Organisere faste språkgrupper / lesegrupper.



SLIK VIL VI SØRGE FOR EIT TRYGT OG GODT BARNEHAGEMILJØ

«Ingenting skapar så mykje motivasjon, glede, inspirasjon, sjølvtilitt, kjærleik og tilfredsheit som det å høyre at ein betyr noko, at ein er verdt noko og at ein kan noko, at ein er flink, snill og god» (Optimistane)

I **Huldal barnehage** har vi eit sterkt fokus på å byggje eit inkluderande miljø, der kvart barn får kjenne seg trygg, verdsett og ein del av eit fellesskap. Barna skal oppleve tilhøyrslø, vennskap, meistring og glede i kvardagen – og vi vaksne har ansvaret for å leggje til rette for nettopp dette. Vi følgjer barnehagelova §41, som seier at alle barn har rett til eit trygt og godt barnehagemiljø. Dette betyr at vi skal vere merksame på korleis barna har det, og handle raskt dersom vi ser at eit barn ikkje trivst. Vi arbeider med omtanke, respekt og anerkjenning, og ønskjer å møte kvart barn med varme og tiltru. Vi vil at barnehagen skal vere ein stad der barna trivst i leik og læring, kjenner seg trygge og får utfordringar som styrkjer deira utvikling. Gjennom gode relasjonar og eit inkluderande fellesskap, byggjer vi eit miljø som fremjar både trivsel og tilpassing.

Helse og trivsel

Vi jobbar målretta og strukturert for å fremje helse og trivsel, og for å førebyggje utanforskap og mobbing. Gjennom samtalar, observasjon og ulike pedagogiske verktøy som; «TRAS», «Alle Med» og «Steg for Steg» – støttar vi barna si sosiale og språklege utvikling.

Faste rutinar, samlingsstunder og trygge overgangar skaper struktur og tryggleik i kvardagen. Vi legg stor vekt på å byggje relasjonar, både mellom barna og mellom barn og vaksne, fordi vi veit at slike relasjonar er avgjerande for både utvikling og læring.



Foreldresamarbeid

For å sikre eit godt og heilskapleg tilbod, er samarbeid med føresette heilt sentralt. Vi ønskjer god og open dialog gjennom heile barnehageåret, og legg vekt på å skape ei felles forståing av barnet si utvikling og behov.

Primærkontakt og oppfølging

Det er svært viktig at vi i personalet ser og observerar kvart enkelt barn, for å sikre barnets oppfølging. For å sikre dette, arbeidar vi aktivt med observasjon og kartlegging i kvardagen og på personalmøter. Kvart barn har si eiga primærkontakt. Primærkontakta er ein av pedagogane. Den har ansvar for ekstra oppfølging i høve foreldresamtalar, generell observasjon av utvikling/samspel, TRAS-kartlegging+ evt. «Alle med»-kartlegging, fireårsskjema, overgangsskjema skule, søknadar til PPT osv. Før foreldremøte nyttar vi tida på personalmøte til gjennomgang av kvart enkelt barn. Dette for å kvalitetssikre viktige innspel og observasjonar frå fagarbeidarar og andre pedagogar. Vi arbeider også med kartlegging av barns relasjonar, både til vaksne og andre barn. Det er svært viktig for oss å få kartlegge barnas relasjonsmønster for å sikre inkludering og eit trygt barnehagemiljø.

Relasjonar

Vi i personalet har ei viktig rolle i å gjere vårt beste i møte med kvart enkelt barn kvar einaste dag. Barna skal kjenne at vi vaksne i barnehagen verkeleg bryr oss om kva dei tenkjer, alt dei lurar på og kva dei kanskje ynskjer å lære meir om. Vi skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom, slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar, knytte seg til personalet og til andre barn. Vi er opptekne av at barna skal få kjenne på medverknad. Det handlar om at vi i personalet fangar opp innspela deira, og at dei kan bistå til aktivitetar og leikemiljø utifrå dette.



Autoritativ vaksen

Den autoritative vaksenstilen er den varme, men grensesetjande vaksenstilen. Denne vaksenstilen viser seg i forkinga å være svært god for barn, både no men og etter kvart som dei veks opp å blir ungdom og vaksne. Ved bruk av denne vaksenstilen opplev dei vaksne som har tydelege krav og forventningar til dei – men som gir det med varme og ein trygg relasjon. Hadde vi i barnehagen *berre* vore opptekne av grensesetjing, hadde det ikkje vore ein spesielt god stad å være. For å kunne setje grenser, må ein være trygg på kvarandre og ha den gode relasjonen på plass! Å være ein trygg vaksen som set rammene for dagen til barna, gir barna tryggleik. Grensesetting ser vi på som omsorg for barn, og er noko dei vil ha nytte av vidare i livet. Vi ser at når barna har fått tydelege rammer, og veit at det er dei vaksne som set desse rammene, brukar dei mindre tid på argumentasjon eller grensetesting, og meir tid på leik og positive opplevingar som gir livsmeistring.

Inkludering og mangfald

For oss i personalet er inkludering og mangfald to sterke omgrep. For oss er det å inkludere kvarandre – både barn og vaksne – i fellesskapen i barnehagen noko av det viktigaste vi jobbar med. Å akseptere at vi alle er ulike er viktig. Vi må lære barna å stå fram som gode eksempel. Det er plass til ALLE! Det er bra at vi er ulike. («Kan du Løvelova? Eg skal være meg – men gi plass til andre slik at dei vert seg»). Dette gir også eit godt utgangspunkt for gode vennskap barna imellom, og det å høyre til. Å høyre til er essensielt og grunnleggande, for alt det andre vi held på med i barnehagen.

Vi håpar at kvart barn får ei god og meningsfull tid i Huldal barnehage!

Rammeplanen og barnehagelova: Mobbing og utestenging

Rammeplanen er vårt viktigaste styringsdokument i barnehagen

- De kan lese heile rammeplanen på www.udir.no/rammeplan

Paragraf §41 i Barnehagelova handlar om mobbing og utestenging. Den legg vekt på at barnehagen skal arbeide førebyggjande med eit trygt og godt barnehagemiljø ved å følgje opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønster i barnegruppene. Plikta til å sikre at barnehagebarna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø er heimla i §42 og er knytt til aktivitetsplikta til heile personalet.

I Rammeplanen står det: «Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Om eit barn opplever å bli krenka eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp.» (Rammeplan for barnehagen, s. 11)



Nokre eksempel på korleis vi arbeider med dette i Huldal barnehage:

- Å lære å reflektere over «Løvelova» og kva den betyr for oss.
- Å arbeide i små grupper der vaksne er tett på barna.
- Å snakke om viktigheita av å inkludere kvarandre, samt øve på empati.
- Ordninga med Vennevakt og vennebenk (Hjerteromet).
- Arbeide med at barna skal oppleve meistring i ulike situasjonar ved å heie på dei, rose dei når dei klarar noko dei har øvd på.
- Løfte fram barn som inkluderar – setje ord på det!
- Stoppe situasjonar vi ser er negative for andre barn, snakke/reflektere over det med barna.
- Observere barn og informere foreldre om noko ikkje er bra.



«Livet og sånn» i barnehagen vår

I barnehagen vil «Livet&Sånn» brukast i arbeid med livsmestring, samt trygt og godt barnehagemiljø. Programmet er ein del av Helsedirektoratets program for folkehelsearbeid i kommunane. Det er utvikla av Møre og Romsdal fylkeskommune saman med pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) i Ålesund. Livet&sånn skal utvikle og implementere universalførebyggjande tiltak.



Tiltaka gjennomførast mellom anna som opplæring i folkehelse og livsmeistring for barn og unge, foreldre og tilsette i barnehagar og skular. I tillegg lager Livet&sånn mykje støttmateriell for førebyggjande arbeid, som skal styrke og fremje psykisk helse, førebyggje rusmisbruk og forhindre mobbing. Dei har utarbeida materiale både for barnehage og skule, og for foreldre. Der kan ein gå inn å lære blant anna om å vere ein tydeleg og god vaksen og om følelsar i kvardagen. Her finnes både lesestoff og videoar ein kan sjå på. Anbefala alle å gå inn der å sjå seg rundt – samarbeid mellom oss er viktig. Sjå særleg på det som handlar om følelsar, då barna kanskje får nye tankar og spørsmål om dette etter kvart som vi jobbar med fleire og fleire følelsar.



I år har vi valt å fokusere på tema om følelsar. Dette er fordi vi vil gi barna eit språk for følelsar og for normalisere alle følelsar. Vi skal fokusere spesielt på følelsane **redd, sint, glad, trist, skam og skyld**. Nokre av følelsane er det lett å sjå på andre at dei kjenner på, eller lett for oss å setje ord på. Medan nokre har vi kanskje kjent på, men vi veit ikkje korleis vi skal kjenne igjen følelsen, verken hos oss sjølve eller sjå det på andre. Derfor har vi også tatt med skam og skyld, då dette er følelsar som barna ofte kjem bort i.

Korleis være ein god vaksen for barn?

Rammeplanen seier:

«Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med egne og andre sine kjensler.» (2017, s.11)

Men.... Korleis greier vi dette?

Jo. Vi snakkar mykje om å være ein autoritativ vaksen, og at dette viser seg i forskning, og gjennom vår erfaring, at dette er best for barn. Men kva inneber det å være ein autoritativ vaksen som er varm OG grensesetjande?



Her kjem nokon konkrete eksempel på korleis vi kan være Autoritative vaksne, både i barnehagen og heime:

- Bruk tid på relasjonen, ref. “banking time”.
- Legg vekk telefon og skjerm saman med barn. Gjer noko skjermfritt saman kvar dag: leik ilag, gå ein tur, spel eit spel, les ei bok, snakk om dagen.
- Det er vaksne som set rammene for barn, ikkje omvendt.
- Har du sagt nei, så må du stå i det “nei-et” uansett om det er vanskeleg. Tenk deg heller om på forhånd korleis du kan greie å stå i situasjonen.
- Ikkje vær redd for store følelsar. Det er ikkje farleg, og er ein del av utviklinga.
- Førebuing er ein fantastisk reiskap. “I dag skal vi ikkje ha godteri på butikken, og det hjelp ikkje å gråte. Om du gret etter godteri, må vi gå ut av butikken.”
- Anerkjenn alltid barnet. Du kan bekrefte og sjå barnet, utan å gi etter.
- La barnet bestemme å kjenne på autonomi ut i frå alder og utvikling. Dette er svært viktig. Med små barn kan det være nok å gi to val - f.eks. kva slags klede dei vil ha på seg – barns medverknad!
- Unngå forhandlingar. Barn i dag er ekspertar på forhandling – ofte fordi dei får lov å forhandle.
- Barnet blir betre rusta til å kjenne på motgang, om dei av og til må kjenne på eit nei, å vente på tur, å dele osv.

Sjekk ut livetogsann.no

Årshjul



Rammeplanens fagområde på begge avdelingane

Kommunikasjon, språk og tekst (s.48, Rammeplan, 2017)

"Gjennom arbeid med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at barna: uttrykkjer kjensler, tankar, meiningar og erfaringar på ulike måtar, bruker språk til å skape relasjonar og delta i lek, og som reiskap til å løyse konflikhtar"

I barnehagekvardagen nyttar vi ulike metoder, som fremjer språk og samtale; boklesing, samtale og undring, musikk og benevning. Vi har som mål at samlingane nettopp skal være eit verktøy for barna som kan støtte i å bli betre på relasjonsbygging, utvikle empati og meistre konfliktløysing.



Kropp, rørsle, mat og helse (s. 49, Rammeplan, 2017)

"Gjennom arbeid med kropp, rørsle, mat og helse skal barnehagen bidra til at barna opplever trivsel, glede og meistring ved allsidige rørsleerfaringar, inne og ute, året rundt. Blir trygge på eigen kropp, får ei positiv oppfatning av seg sjølve og blir kjende med sine egne kjensler "

Vi ynskjer å gi barna positive erfaringar både når det gjeld uteleik og rørsleerfaringar både inne på Gymloftet/avdeling og ute. Vi legg til rette for ein variert kvardag, der barna får utfolde seg fysisk. Vi nyttar aktivt alle uteområda for å stimulere ulike type fysisk aktivitet og lek.

Å få ei positiv oppfatning av seg sjølv og sine egne kjensler ser vi på som viktig for barns trivsel og utvikling. Difor vektlegg vi *Livet og sannen*, som gir barna høve til å reflektere kring eigen kropp, grenser, følelsar og relasjonar på ein trygg og alderstilpassa måte. I tillegg tek vi i bruk opplegget Være Saman, og ved å jobbe med temaa Vennskap og Følelsar gjennom heile året – både i planlagde aktivitetar og i kvardagssituasjonar ute og inne.

Kunst, kultur og kreativitet (s. 50, rammeplan, 2017)

"Barna skal støttast i å vere aktive og skape eigne kunstnariske og kulturelle uttrykk. Barnehagen skal leggje til rette for samhøyrslø og kreativitet ved å bidra til at barna saman får oppleve og skape kunstnariske og kulturelle uttrykk. "

Gjennom året arbeider vi med kunst, kultur og kreativitet på ulike måtar. Vi nyttar ulike metoder for å arbeide kreativt; maling, teikning, formingsaktivitetar både inne og ute, samlingsstunder med musikk, dikt/rim og regler. Elles let vi barna utfolde seg kreativt ut i frå eigen inspirasjon. I tillegg til dei tradisjonelle kunstprosjekta gjennom året, som for eksempel rundt høgtidene.

Natur, miljø og teknikk (s. 52, Rammeplanen, 2017)

"Barnehagen skal leggje til rette for at barna kan få eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for lek og læring" .. I tillegg står det at barna skal: "Få kjennskap til naturen og berekraftig utvikling, lærer av naturen og utviklar respekt og gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen"



Vi ynskjer å gi barna ei grunnleggjande forståing av viktigheita av å ta vare på naturen vår. Gjennom til dømes arbeid med gjenbruk, sortering av søppel og å bli bevisste på forsøpling av naturen. Her kan vi også jobbe med empati som kjensle; empati for dyr og dei som lev i naturen.

Mengd, rom og form (s. 53, Rammeplan, 2017)

Barna skal få: "erfarer og samanliknar storleikar i omgivnadene. Bruker kroppen og sansane for å utvikle romforståing. Undersøker og kjenner igjen eigenskapar ved former og sorterar dei på forskjellige måtar"

Vi ynskjer å bruke benevning og naturlege situasjonar i kvardagen for å gjere barna kjende med mengd, rom og form. Vi bruker benevning av former og telling aktivt og naturleg i ulike kvardagssituasjonar og i samlingane våre.

Etikk, religion og filosofi (s. 54, Rammeplan, 2017)

Det står i rammeplanen at barnehagen skal bidra til at vi skal "bidra til å utvikle barnas toleranse, interesse og respekt for kvarandre og for menneske med ulik kulturell, religiøs eller livssynsmessig tilhørslse".

Vi ser på mangfold som viktig i ei barnegruppe – og jobbar tett opp mot mangfald i arbeidet med Være Sammen der ein av hovudbodskapa er å la barna være seg sjølve – men samstundes gi plass til andre! Alle barn er unike – og vi ser på det som viktig å la barn forstå at alle barn er like viktige som dei sjølve. Vi vektlegg at det er bra å være forskjellige, og utvikle ei respekt for kvarandre.



Vi på Armkroken

Avdelinga Armkroken ligg i fyrste etasje i barnehagen. Vi har 17 born på avdelinga vår i alderen 0-3år. Vi har 9 barn som er født i 2023 og 8 barn som er født i 2024.

I starten av eit nytt barnehageår er det viktig at alle barna får ein trygg og god start.

Både barna som kjem tilbake etter ferien og dei nye barna som startar med tilvenning. Barna skal bli kjent, bygge relasjonar, bli ein del av barnegruppa, få erfaringar med avdelinga si dagsrytme og rutinar.

I samarbeid med heimen ynskjer vi å møte barns behov på best mogleg måte. Det er viktig for oss at barna er trygge og opplev at dei har gode dagar saman med oss i barnehagen.

- **Gruppedeling:** Vi delar barnegruppa i delar av dagen for å møte barnas behov. Då har vi aldersblanda gruppe eller alderstilpassa gruppe. I tilvenningsperioder og oppstart av nytt barnehageår ser vi at det er gunstig med mindre barnegrupper.

- **Samlingsstund, og kvifor vi syns vi at det er så viktig?**

- Innhaldet i samlingane kan gi barna eit felles grunnlag som dei kan ta med seg vidare i sin leik og sosiale kompetanse.
- Felles opplevingar og erfaringar er med på å samle oss. At vi lærer om same tema, songar, eventyr, forteljingar, rim og regler kan vere med på å styrke fellesskapen.
- Barna kan få vidare utvikle sosiale ferdigheiter som vente på tur, kvar sin gong å prate og lytte til andre. Bli sett, men og sjå andre.
- Gjennom formidling av tema, kan vi skape undring og læring.
- Repetisjon av t.d. forteljingar og songar er bra for språkutviklinga til barna.
- Bursdagssamling: der bursdagsbarnet er i fokus.



- Kvar torsdag har vi **kor**, og då syng vi songar saman med Hjerteromet. Barna får oppleve ein kjensle av fellesskap, der vi syng saman, delar augeblikk, undrar og lærar saman. Denne stunda kan vere med på å skape trygghet og styrke relasjonar mellom barna.
- **Tema:** «Ulike dyr» er hovudtemaet vårt dette barnehageåret. Vi skal arbeide med temaet med å bruke bl.a. bilde, bok, song, musikk, eventyr, dramatisering, natur, utforsking og rim og regle.
- Vi ser at dyr er eit tema som vekker interesse blant barna! Det er så mykje vi kan lære om dyra. Vi undra oss over eigenskapane til dyra, fargar, størrelse og i kva land bur dei ulike dyra?

Månad	Tema
August og september	Dyra på bondegarden
Oktober og november	Dyra i Afrika
Desember	Musevisa
Januar og februar	Skinnvotten
Mars og April	Dyra i sjøen
Mai og Juni	Den lille larven aldri mett (småkryp)

Dagsrytme på Armkroken

Aktivitet	Klokkeslett
Barnehagen opnar	07.00 (06.45 ved behov)
Frukost	Fram til 08.30
Leik på avdelinga	08.30-09.00
Vi deler oss i grupper	09.00-10.30
Bleieskift/toalettbesøk	10.30
Samling	10.45-11.00
Lunsj	11.00-11.30
Sovetid/kvile og deretter leik	11.30-13.45
Bleieskift	13.45
Fruktmåltid	14.00
Leik ute/inne	14.30-17.00
Barnehagen stenger	17.00




Vi på Hjerteromet

Avdelinga Hjerteromet ligg i andre etasje i barnehagen. Vi har 26 born på avdelinga vår i alderen 3-6. I år har vi tre kull på avdelinga. Vi er ni rosarussar, åtte 4-åringar og ni 3-åringar.

Vi har nokre dagar med aldersblanda grupper (Gul og Grøn gruppe) samt andre dagar med alderstilpassa grupper, når det t.d. er Russeklubb/bading osv.

- Russane har "Russedag" måndag med klubb + korps. Ca. annakvar onsdag er det russebading.
- **Morgonmøte:** Kvar morgon før gruppedeling. Inneheld opprop, morgonsong og førebuing til dagen i dag.
- **Samlingsstund:** Kvar dag før lunsj. Her brukar vi samlingskassa vår, som vi arbeidar med i ca. 1 mnd av gangen. Denne inneheld bøker og songar tilpassa gruppa og temaet vårt. Her får vi eit djupdykk i temaet vårt og å bli godt kjende med dette. Repetisjon er svært viktig for barna si læring.
- Torsdagane har vi kor og **knøtteklubb** saman med Armkroken.
- I år er det følelsane **redd, sint, glad, trist, skyld** og **skam** som er hovudtemaet vårt, samtidig som vi også har fokus på årstidene.

Vi er mykje ute og vil at borna skal verte glade i å vere ute i naturen uansett vêr, og til alle årstider. Ein føresetnad for å trivast ute er å ha klede og sko som er tilpassa årstidene. Då er det viktig med eit godt samarbeid med foreldra, slik at borna kan ha ein best mogleg dag i barnehagen. Vi har dessverre ikkje kapasitet til å ha oversikt over 26 barn sitt utstyr – så dette er dykkar sin jobb, samt å merke alt som skal i barnehagen 😊



Vi ynskjer å gi barna ei positiv innstilling til ute-tid og uteleik - og det starta med oss vaksne og haldningane våre til vær og vind. Har barn rett utstyr til rett tid, er det inga

hindring å være mykje ute heile året. Ingen trivs ute om dei frys!!

«Livet&Sånn» er hovudtemaet vårt i år. Vi skal ha ein av dei seks følelsane kvar månad. Vi har samling, snakkar om kva som kjenneteiknar følelsen, korleis den kan opplevast og korleis vi kan kjenne den igjen både hos oss sjølv og andre. Vi ser på ansiktsuttrykk, snakkar om korleis det kjennes i kroppen, om vi er tunge/lette, skjelv eller kjenner det på anna måte. Vi har mange gode samtalar med barna om følelsane deira.

Slik arbeider vi med «Livet&sånn»:

- Introdusere ulike følelsar med samtalekort, plakatar og illustrasjonar
 - Snakke om kva som ligg bak følelsane – kva kroppen seier, kva behov vi har, og kva som hjelper når følelsar blir sterke
 - Gi barna ord og uttrykk slik at dei kan forstå eigne og andre sine følelsar
 - Lage ei trygg ramme der alle følelsar er aksepterte, og der vi lærer at det er lov å kjenne på både gode og vanskelege kjensler
 - Bruke samlingsstunder, bøker, song og leik som arenaer for å jobbe med desse tema.
- **Vi brukar materiell og støtteverktøy frå**
<https://www.livetogsann.no/barnehage/>



Dagsrytme og vekerytme på Hjerteromet

Klokkeslett	Aktivitet
07.30-08.30	Frukost
08.30-09.30	Gruppedeling; Gymloft, lesing, leik, bordaktivitet
09.30-09.45	Ryddetid
09.30-10.45	Morgonmøte etterfulgt av deling i grupper: - Ute/inne - Grøn og gul gruppe - Russeklubb (korps, bading, trampolineboka og liknande) - Formingsaktivitet - Lese- og språkgrupper
10.45-11.00	Ryddetid
11.00-11.15	Samling etterfulgt av dorunde
11.15	Lunsj
11.45	Uteleik
14.00	Dorunde og fruktmåltid
14.30- Hentetid	Uteleik/inneleik

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Frukost	Frukost	Frukost	Frukost	Frukost
Delte grupper	Språkgruppe	Språkgruppe	Kor	Språkgruppe
Russeklubb	Delte grupper	Delte grupper	Delte gruppe	Delte grupper
Russekorps		Førskulebading (ca. annakvar veke)	Knøtteklubb (etter jul)	Evt. Tur

Russeklubb

Og endeleg få vere rosaruss er stor stas for barna, og dette er noko dei gler seg til! I år er vi 9 kjekke rosarussar. Det vert Ina Kristin og Ingelin som har ansvar for russeklubb i år, og bytar på å halde klubben annakvar veke. Vi samlast på måndagar og jobbar i Trampolineboka. Måndagar har vi også korps med Tone. Vi skal jobbe med "Meg sjølv" der vi skal verte kjende med kvarandre, vi skriv namnet vårt, alder, teiknar huset vårt, favorittmat, favorittleike, hårfarge, auge farge etc.



Vi skal også innom tema som symbol, former, mønster, bokstavar, tal, sortering, måling, plassering, staving og rim. Vi brukar ei utforskande tilnærming til å forberede skulestart, og vi ser at dette har stor verdi for barna. Vi nyttar blant anna musikk, spele spel, høgtlesing, refleksjon, fysisk aktivitet og utforsking ute i naturen. I tillegg er meistring av daglege oppgåver som do-besøk og påkledning svært viktig dette året, då vi ynskjer å oppfordre til meir sjølvstendigheit fram mot skulestart. Meistring = livsglede!



Annakvar onsdag er vi på bading. Vi vert henta av «bade bussen» (Bjørlykke Transport) kl. 10 og reiser til Sunnmørsbadet. Det blir både planlagde større turar dette året, samt nokre spontane mindre turar i nærmiljøet. Vi gler oss veldig til dette året, og til alt vi skal utforske og oppleve saman.

I år vert det jobba med å på å lage ein fellesplan for alle førskulegruppene i alle barnehagane i Herøy kommune. Det er ein pedagog frå kvar barnehage som er valt ut for å sitte i plangruppa. Målet å skape eit likt grunnlag før skulestart for det enkelte barn, uansett barnehage.



Rosarussane 2025-2026



"I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg til meningsfull samhandling. Nysgjerrigheit, kreativitet, og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane.

Barna skal få undersøkje, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektiv og få ny innsikt"
Rammeplan for barnehagen s. 22)



Takk for at de har valt Huldal barnehage som dykkar barnehage!

Vi i personalet er takksame for å ha ei slik flott foreldregruppe å samarbeide med!

Vi i personalgruppa vil gjere vårt ytterste for at barna, foreldre og personalet skal ha det bra saman.

Hugs å ta kontakt med oss om det skulle vere noko de treng å prate om.

Vi gleder oss til eit nytt år – saman med dykk alle!

